



DEN NORSKE KYRKJA

I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 12.08.2020	
Frå sak nr. 18/20, 19/20, 25/20, 26/20, 27/20 28/20, 29/20, 30/20	Møtestad: Jondal kyrkje, kyrkjerommet
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Cecilie Stærnes	Nestleiar Anne Røymstad
Sekretær Karin Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Åse Marit Jørgensen- referent	Medlem Tørres Mæland
Medlem	Medlem
Geistleg representant Stein Ove Skadal	Vara: Asta Nøkland
Forfall til møtet: Karin Utheim Gangdal	

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.

Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjevevja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

Meldingar:

- Økonomi. Leiar Cecilie Stærnes orienterte. Jondal sokneråd får 100 000 av fellespott. Gerd Rosten Bu og tidlegare soknerådsleiar har rekna seg fram til dette beløpet. Tørres Mæland spør i fellesrådet om korleis ein har kome fram til dette.

- Nytt frå Fellesrådet. Prestesituasjonen og utlysingar v/ Cecilie Stærnes. Siv Eirill Evensen har sagt opp sin stilling som kyrkjeverje. Gerd Rosten Bu fungerer i 50 % stilling inntil vidare. Stillinga blir lyst ut.

Prest Carsten Mrusek har søkt om permisjon, skal arbeide i Kvinherad i alle fall 1 år.

Stein Ove Skadal er bedt om å ta over Røldal og Skare. Hans siste gudsteneste i Jondal er konfirmasjonsgudstenesta 30.08.20.

Prost Arild Hellesøy skal vere geistleg representant i Jondal Sokneråd.

Marna Roer skal ha gravferdene.

Arne Opsahl Engen skal ha konfirmantane denne hausten

Vikarprest frå Osterøy skal ha gudstenestene.

Det blir ein eigen kabal for Utne Kyrkje.

Stillinga som prest i Jondal blir lyst ut som fast stilling.

Soknerådet oppfordrar Stein Ove Skadal å søke på stillinga

Det blir og lyst ut ein diakonstilling.

Saker:

27/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

28/20 Godkjenning av protokoll frå møte 10.06.2020

18/20 Takkofferliste hausten 2020

19/20 Plan for soknerådsmøter hausten 2020

25/20 Gudstenesteplan hausten 2020

26/20 Konfirmasjonsfest 27.08.20, økonomi og organisering

29/20 Kyrkjevertliste hausten 2020

30/20 Eventuelt

Sak 27/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte samrøystes godkjent.

Sak 28/20 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokoll/møtebok frå soknerådsmøte 10.06.20 samrøystes godkjent

Sak 18/20 Takkofferliste hausten 2020

Kort utgreiing om saka.

Ingebjørg Grøtt har laga eit forslag til takkoffer for hausten 2020

27.08.20 Kyrkjemusikalsk arbeid
30.08.20 Kyrkjelydsarbeid (konfirmasjonsgudsteneste)
13.09.20 Søndagsskule Bergen krets.
27.09.20 Norges Kyrkjesong forbund
18.10.20 Kirkens Bymisjon (Hausttakkefest)
25.10.20 Barne og ungdomsarbeid i Jondal (Ving og Stikk innom)
01.11.20 KRIK- Kristen idrettskontakt
15.11.20 HimalPartner
29.11.20 Kyrkjelydsarbeid (Ljosmesse)
24.12.20 Kirkens nødhjelp
25.12.20 Sjømannskyrkja

Innspel frå Tørres Mæland. Invitere til Kirkens Bymisjon Odda til Jondal. Orienter om arbeidet dei gjer. Sak ved seinare høve om dei skal stå på takkofferlista til Jondal kyrkje

Vedtak:

Takkofferlista for hausten 2020 samrøystes vedtatt.

Sak 19/20 Plan for soknerådsmøter hausten 2020

Kort utgreiing om saka.

Forslag om å ha soknerådsmøte kvar 6. onsdag kl. 16.30. Viss det skjer ting som ikkje kan vente blir det kalla inn til eit ekstra soknerådsmøte. Med forbehold at det passer for prost Arild Hellesøy.

Vedtak:

Det vart samrøystes vedtatt å ha soknerådsmøte kvar 6.veke kl. 16.30, med forbehold at det passer for prost Hellesøy. Ekstra soknerådsmøte ved behov,

Sak 25/20 Gudstenesteplan hausten 2020

Kort utgreiing om saka.

Plan over gudstenester hausten 2020 fyljer datoane på takkofferlista. Stein Ove Skadal justerer i samråd med prost Hellesøy.

Datoar for gudstenester:

27.august (Kyrkjespel)
30.august (konfirmasjonsgudsteneste)
13.september
27.september
18.oktober (hausttakkefest)
25.oktober
1.november
15.november
29.november (lysmesse)
24.desember
25.desember

Vedtak:

Plan for gudstenester hausten 2020 samrøystes vedtatt. Jamfør takkofferlista for hausten 2020

Sak 26/20 Konfirmasjonsfest 27.08.20

Kort utgreiing om saka.

Soknerådet har ringt til Korona-telefonen og vore i kontakt med smittevernlege Steinar Jacobsen. Det blir tilrådd å ikkje gjennomføre konfirmasjonsfesten. Festen blir avlyst. Anne Røymstad avbestiller mat og lokale. Organist Anne Karin Stormyr bes oppdatere informasjon på nettsida til Jondal kyrkje. Stein Ove Skadal ber administrasjon gje beskjed til dei involverte.

Vedtak:

Det vart samrøystes vedtatt å avlyse konfirmasjonsfesten i år grunna koronasituasjonen.

Sak 29/20 Kyrkjevertliste hausten 2020
--

Kort utgreiing om saka.

Anne Røymstad lagar ein liste over kyrkjevertar hausten 2020 til neste soknerådsmøte. Gi beskjed til henne viss det er datoar som ikkje passer. Innbyrdes bytte viss ein ikkje kan stille som kyrkjevert ein søndag. Gi beskjed om bytte til Anne Røymstad.

Kyrkjespel 27.08: Ingebjørg Grøtt/ Cecilie Stærnes
Konfirmasjonsgudsteneste 30.08: Tørres Mæland/ Asta Nøkland

Vedtak:

Anne Røymstad lager liste til neste soknerådsmøte. Innbyrdes bytte ved behov. Samrøystes vedtatt.

Sak 30/20 Eventuelt

Kort utgreiing om saka.

- Diskuterte oppretting av utval. Alle må ikkje møte til alt som skal gjerast.
- Kollekt, diskusjon om mottak av kontantar. Flest eldre som går til kyrkje, ikkje alle har Vipps. Stein Ove Skadal undersøker dette. Ulik praksis i kyrkjene.
- Forslag om å ha dagens ord før kvart soknerådsmøte. Evt. gå på omgang. Dikt/tekst.
- Stein Ove Skadal tok opp at det burde vere nokon i døra med ansvar for smittevern i gravferder. Uklar kven som har ansvaret; familien, kyrkja eller gravferdsbyrået? Tørres Mæland tek dette opp i Fellesrådet.
- Stein Ove Skadal informerer om at konfirmantane kan ta med 17 gjester kvar til konfirmasjonsgudstenesta. Grunna regler for smittevern kan det max vere 170 personar i Jondal kyrkje.

Åse Marit ber om at det blir protokollført at ho er ueinig i at det kan ver 170 personar i kyrkja under konfirmasjonen. Ho kan ikkje sjå at smittevernregler når et gjeld avstand blir overhalde når det er så mange til stades.

- På første gudsteneste i Jondal kyrkje etter ned-stenging var det 46 personar. Med kvar 2.benk tom trengte ein heile den eine sida for å overhalde smittevernreglane. Dette til tross for at i eit dåpsfylje som talte halvparten av personane i kyrkja var det fleire mindre grupper som kunne sitje nærme kvarandre.